



Tony frå Barcelona trivs i Uskedalen

Uskedalen er iferd med å bli eit internasjonalt samfunn og det var innflyttarar frå fleire land blant dei som kom hit i andre halvåret i fjor og fyrste halvåret i år. Det er dei som er invitert til den kommunale festen i kommunestyresalen torsdag og som der er frista med to gonger 10 000 kroner.



På plass i hytte 10 på Rabben sist vinter: Tony og Heidi

To av dei som står på lista med 19 namn er ein spaniol og ein belgiar - Antonio Rombaut Grosfeld og Heidi van den Broeck. Dei kom hit midtvinters og tok til manges overrasking inn i hytte nummer 10 på Rabben! Det var ikkje akkurat turistsesong.....

Paret kalte seg da også jobbsøkjarar då uskedalen.no møtte dei og har lukkast bra i så måte. No bur dei i Myro og synest framleis at Noreg er eit herleg land og Uskedalen ein fantastisk stad.

Antonio, eller Tony som han heiter mellom venner, er frå Barcelona og jobba for nokre år sidan i eit kjøken og deretter i byggebransjen i Oslo. Den siste jobben førte han til Belgia der han møtte Heidi som har yrket sitt i pleiebransjen.

Paret er prega av stor entusiasme og energi og synest det er triveleg her i bygda.

Dei og dei andre tilflyttarane må møte fram personleg for å bli med i loddtrekinga torsdag.

Det er ellers tredje gongen kommunen inviterar alle nye kvinnheringar

til fest for å visa at dei blir sett pris på. Og det er verkeleg grunn til å festa, for no er det rekordmange innbyggjarar i kommunen - talet er 13 265.

I rådhuset vil både kommunen ved ordføraren, Kvinnherad Næringservice og prisgjevar Noreq skryta uhemma av alt Kvinnherad har å by på og det blir innslag om turlaget, Undarheim skule og Åkra Bygdelag.

Det som skjer vil vera ei lita investering samanlikna med det lokalsamfunnet får att.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen